

Den apostoliske truvedkjenninga i nynorsk form.

Gjennom åra har eg gjort meg nokre tankar om truvedkjenninga slik me brukar ho i Den norske kyrkja. Dette er samanfattande, grunnleggjande og viktige sider ved kva me trur på og slutter oss til som einskildpersonar og som fellesskap. Truvedkjenninga er noko som bind oss saman i det lokale fellesskapet her og no, og som sameinar oss i den verdsvide kyrkja.

Truvedkjenninga ligg føre som offisiell liturgi på både nynorsk og bokmål, og eg har nytta begge formene alt etter kvar i landet eg feirer gudsteneste.

I den fyrste trusartikkelen har eg lagt særleg merke til den aktive forma på bokmål, og den passive forma på nynorsk.

På bokmål heiter det:

*Jeg tror på Gud Fader, den allmektige,
himmelens og jordens skaper.*

Bokmålsforma seier noko om Gud som aktiv skapar. Han skapte himmel og jord og er ikkje feridig med si gode gjerning. Om me ser rundt oss skapar han framleis, -kvar år, kvar dag og kvar time.

-Dette er den Gud eg vedkjenner meg til !

På nynorsk heiter det:

*Eg trur på Gud Fader, den allmektige,
som skapte himmel og jord.*

Nynorskforma er flat, og understrekar ikkje Gud som aktiv skapar. Eg trur at der Gud skapar og trekker seg tilbake heiter «*deisme*», og representerer eit Gudsbilete eg ikkje vedkjenner meg.

At det skal vera eit stort teologisk avvik mellom desse målformene er truleg ikkje ynskjeleg, og eg bed bispemøtet om å ta dette vidare i ein teologisk vurdering.

Om eg skal driste meg til å foreslå ei endring som er språkleg god, og som uttrykker det same som på bokmål kan det vera:

*Eg trur på Gud Fader, den allmektige,
skapar(en) av himmel og jord.*

Dette har sjølvstykke å gjere med korleis ein legg vekt på grunntekst og tradisjon, men eg vonar bispemøtet vil ta innspelet vidare.

Helsing

Kjellfred Dekko, Torpo sokn
Tlf 926 41 198